

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring og kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur

Regional plan for kultur – orientering til HNK 30. mai 2017

Bakgrunn

Gjennom regional planstrategi 2016-2020 har fylkestinget vedteke at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur. Planprosessen skal gjennomførast i 2017 og 2018, og planen skal gjelde frå 2019.

Planarbeidet skal skje i tråd med Plan- og bygningslova sine reglar, §§ 8-1 til 8-4. Fylkeskommunen sitt mynde til å utarbeide regionale planer utifrå planstrategien er delegert til fylkesutvalet.

Planutvalet handsama i møtet 3. mai 2017 Arbeidsdokument 1 om regional plan for kultur (sak 2/17, sjå vedlegg). Utvalet la til grunn at det gjennom planarbeidet skal veljast ut eit avgrensa tal kulturtema som skal ha fokus. Desse skal utgreiast med tanke på utfordringane som Regional planstrategi peikar på. Strategiar og tiltak i kulturplanen skal kunne bidra til å nå måla som Regional planstrategi set opp.

Under punkt 3 Organisering vart Hovudutval for næring og kultur oppnemnt som politisk referansegruppe for planarbeidet. Det er planutvalet og fylkesutvalet som har lovpålagde roller, men fylkesdirektøren vil leggje vekt på å la hovudutvalet ha godt høve til å påverke arbeidet. Møtestrukturen tillét oss ikkje denne gongen å leggje saka fram for hovudvalet før handsaminga i planutvalet.

Planprosessen

Fylkesrådmannen står for overordna administrativ leiing av planprosessen. Arbeidet vil bli organisert som eit prosjekt der vi nyttar tilnærma PLP (prosjektlearprosessen) som metode. Det vil bli etablert ei administrativ partnerskapsgruppe med deltaking frå kommunane/KS, kulturinstitusjonane, frivillig sektor m.fl. Fylkesdirektøren for næring og kultur vil leie gruppa.

Arbeidsgrupper på ulike tema kan opprettast når val av tema er avklara i vedteke planprogram. Vi vil leggje vekt på å hente inn eksterne partar som har oppgåver innan dei ulike fagområda, og som kan bidra fagleg i prosessen.

I sak i planutvalet 2/17 ligg framdriftsplan for arbeidet. Første fase vil vere organisering, oppstart og etablering av kunnskapsgrunnlag. 27. september 2017 skal fylkesutvalet kunne leggje planprogrammet ut på høyring, og i januar 2018 skal endeleg planprogram vere klart til vedtak i fylkesutvalet. I løpet av våren 2018 skal kunnskapsgrunnlaget og sjølve planutkastet ferdigstillast, slik at fylkesutvalet i mai kan gjere vedtak om å leggje planen ut på høyring. Etter høyring og bearbeiding skal planen opp igjen i fylkesutvalet i september, og deretter til endeleg handsaming i fylkestinget i oktober 2018.

Planarbeidet fram mot utlegging av planprogram i september

Med utgangspunkt i vedteken framdriftsplan ser fylkesdirektøren for seg følgjande første steg i planarbeidet:

- Mai 2017 Administrativ styringsgruppe vert etablert. Arbeid med kunnskapsgrunnlaget.
- Juni 2017 Gjennomføre eit første møte med administrativ styringsgruppe der målet er å få innspel og framlegg til kva som bør vere hovudtema i planen. Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget. Opprette nettside med informasjon om planarbeidet og med moglegheit for innspel og dialog. Orientering om planarbeidet i hovudutvalet 30. juni.
- August 2017 Oppstartmøte 23. august med partnarskapen, dvs. kommunane, kulturinstitusjonane, frivillig sektor, UPU, fylkesråda. Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget og utkast til planprogram. Nytt møte med administrativ styringsgruppe.
- Sept 2017 Orientering om framlegg til planprogram i HNK 26. september. Handsaming av planprogrammet i fylkesutvalet 27. september.